

Vestlandsrådet

VR-sak 7/13 vedlegg

Eit digitalt vestland

Formålet med dette notatet er å synleggjere kompleksiteten i tematikken eit digitalt vestland, og å gi Vestlandsrådet ein bakgrunn for å ta stilling til korleis dette temaet kan forankrast/arbeidast med i rådet.

Vestlandsrådet har vedteke styrka digital kommunikasjon som eit satsingsområde. Problemstillinga er korleis rådet kan arbeide for styrka digital kommunikasjon (eit digitalt vestland).

Felles for dei fire vestlandsfylka er utfordrande geografi og spreidd busetjing. Dette bidrar til å gjere utbygging av digital infrastruktur kostbar og mindre interessant for kommersielle aktørar. Sogn og Fjordane fylke ligg på botn i landet når det gjeld utbygging av annan generasjons breiband med tilbod om 25 mbit nedlasting til berre 26% av innbyggjarane. Møre og Romsdal har tilsvarande tilbod til 53 %, Rogaland til 87 % og Hordaland til 72 %. I Sogn og Fjordane har ein estimert 25 mbit dekning til alle innbyggjarar, basert på ein teknologinøytral strategi, til om lag 500 mill. kr. Dette ambisiøse målet krev statleg finansieringsbidrag og politisk arbeid.

Det offentlege og næringslivet i fylka nyttar digital kommunikasjon i stor utstrekning og vi dreg her fram nokre særskilde område:

- Undervisning - fylkeskommunane har vidaregåande opplæring som ei av sine fremste oppgåver
- E-helse - fylkeskommunane er ikkje direkte involvert, men tannhelse kan nemnast
- Bruk av ny teknologi, innhald på nettet. Døme er videokonferanse og strøyming av konferansar og møter.
- Digitalt entreprenørskap (etableringar innan for IT-bransjen)

For at desse områda skal ha ei framtidretta utvikling i våre fylke er god breiband- og mobildekning ein føresetnad. Denne infrastrukturen påverkar bu- og arbeidsattraktivitet, næringsutvikling og beredskap; det siste synleggjort under orkanen Dagmar årsskiftet 2011/2012. Medan det hittil har vore lagt stor vekt på breiband til næringslivet, ser vi no at behovet er minst like stort i private heimar. Både arbeidsplass og bustad er vesentlege for å halde på folketalet og skape vekst.

Dette temaet er komplekst; statleg ansvar er fordelt på 3 departement, det er relativt lite statleg finansielt bidrag, lite kommersiell aktivitet i utkantstrøk, liten grad av standardar i den fysiske utbygginga, og mange kommunar slit med organisering og gjennomføring av prosjekt. Ikkje minst forventar innbyggjarane eit tilfredstillande tilbod.

EU har med sin Digital Agenda målsetting om 30 mbit nettverk til alle europeiske innbyggjarar innan 2020. Dette er eit mål Vestlandsrådet bør stille seg bak. I 2011 stifta fleire fylkeskommunar Nasjonalt Breibandråd med støtte frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD). Rådet skal fungere som ein felles dialogpart mot dei tre departementa (Samferdselsdepartementet, KRD og Fornyingsdepartementet), og arbeide for styrka satsing på digital infrastruktur i Norge. Rådet arrangerer nettverksmøte 13. februar, KRD og Distriktsenteret er med-arrangørar. Alle fylkeskommunar og regionråd i landet er invitert, samt leverandørar til bransjen.

Det vert ikkje lagt fram konkrete tiltak i dette notatet. Grunnen er at dette arbeidet er omfattande, det krev ressursar i form av tid og pengar. Vestlandsrådet må ta stilling til om dei ønskjer å gå vidare

Vestlandsrådet

med dette arbeidet og greie ut kva for tiltak rådet kan gjere, eller ikkje. Det bør i så fall etablerast ei arbeidsgruppe og settast av midlar til arbeidet.

Det kan vere at Vestlandsrådet ikkje bør spele ei eiga rolle her, men bør stille seg bak Nasjonalt Breibandråd og støtte politisk opp under arbeidet som vert gjort der.

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet ber om at det blir utredet hvilke utfordringer Vestlandet står overfor på det digitale området, og hvilke tiltak som bør gjennomføres for at landsdelen skal kunne få et digitalt "nettverk" av god kvalitet.